

---

**Fra:** Marianne Aadland Sandvik  
**Sendt:** tirsdag 14. januar 2020 11:08  
**Til:** Madeleine Fonnes Aase  
**Emne:** VS: Kommentar på klage

Hei

E-posten gjeld klagesak som er fordelt til deg.

Vh Marianne

---

**Fra:** Dag Sudmann [<mailto:asudman@online.no>]  
**Sendt:** mandag 13. januar 2020 22:36  
**Til:** Marianne Aadland Sandvik  
**Emne:** Kommentar på klage

Viser til Fylkesmannen sin klage på UDU i Meland Kommune sitt vedtak frå 26.11.2019, saksnr. 101/2019 om frådelling av parsell på gnr. 1 bnr. 6 og vil komme med nokre kommentarer til denne klagen.

Saka gjeld dispensasjonsøknad om frådelling av ein tomt på gnr. 1 bnr. 6. I følgje kommuneplanen for Meland kommune er det krav om reguleringsplan i området det er søkt om å få frådelt ein tomt. Då me berre ynskjer å få frådelt ei tomt, som etter vår meining kan sjåast på som ei fortetting, har me difor søkt om dispensasjon frå dette kravet. UDU var på synfaring 26.11.2019 og på møte til UDU vart det einstemmig vedtatt at me skulle få skilje frå omsøkt tomt. Utalen frå UDU var at "Plassering av tomten på arealet som er avsatt til boligformål ligg i ein utkant med hus på eine sida og avgrensa av veg på andre sida. Utskiljeelse av tomten vil ha liten innverknad på seinare reguleringsplan." Saka vart så sendt til Fylkesmannen og han har klaga på denne avgjerda og den er difor no komme opp som sak i Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune.

Kommunal- og moderniseringsministeren sendte brev til alle landets fylkesmenn 3.9.2019, der ho ber om at fylkesmennene tar hensyn retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven. I brevet skriv blanda ministeren at: Fylkesmennene bør være **varsomme** med å overprøve beslutninger som høyrer til det lokalpolitiske skjønn, og som ikke berører nasjonale eller viktige regionale interesser.

Link til brev fra Kommunal- og moderniseringsministeren:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fylkesmennenes-medvirkning-og-behandling-av-saker-etter-plan--og-bygningsloven/id2667360/>

I et interjuv til Dagsavisen om dette brevet seier Statsminister Erna Solberg:

- Vi vil at fylkesmennene skal konsentrere seg om det som er nasjonale nødvendigheter, og ikke hver gang det finnes en statlig veiledning om at det er lurt å gjøre noe på den eller den måten, sier Solberg.
- Det er jo mange etater som mener at fordi det finnes en veiledning eller en retningslinje for planlegging, så skal de følges til punkt og prikke. Da bruker de det som et maktgrep, sier Solberg.

Linkt til artikkelen:

<https://www.dagsavisen.no/nyheter/innenriks/solberg-ber-fylkesmenn-holde-fingrene-unna-lokale-avgjorelser-1.1578450>

Vi føler at vår sak er eit typisk døme på at Fylkesmannen overkjører det lokalpolitiske skjønnnet då vår sak vart einstemmig vedtatt i UDU og kan vel neppe heller seiast å berører nasjonale eller viktige regionale interesser.

Tomten vi har søkt frådelling for ligg på nedsida av lokalvegen som går til Hjelten på Flatøy. Arealet ligg inntil eksisterande bustadhus i øst, den grenser mot veg i sør og er innafor byggegrense for sjø i kommuneplanen i vest. Me synest denne tomten vil vere ei naturleg fortetting i dette området.

---

Denne tomten vil ikkje hinda tilkomst til strandsona slik Fylkesmannen skriv, då tilkomsten til sjø i dette området ikkje går gjennom den omsøkte tomten. Dette vises på kart og kunne også blitt forklart dersom Fylkesmannen hadde tatt seg tid til befarung.

Vi håper Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune helt fast på avgjerda til UDU og ikkje gjer medald til Fylkesmannen i Vestland.

Med venlig helsing  
Dag og Åse Sudmann